

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
038/16	Formannskapet	PS	17.03.2016
048/16	Formannskapet	PS	05.04.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 611	16/56

Eigarskapsmelding del 1,2 og 3 - Godkjenning

Vedlegg:

Kommunale eiedomar - Oversikt
Kommunal eiedomar - Vedlegg 1
Kommunale eiedomar - Vedlegg 2
Kommunale eiedomar - Vedlegg 3
Eigarskapsmelding del 1.2 og 3 - Merknader
Austrheim kommune - Eigarmelding-Revidert 04.03.16

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner eigarskapsmelding del 1,2 og 3 selskapsstyring, selskapsoversyn og oversikt eiedomar slik den ligg føre.

Formannskapet - 038/16 - 17.03.2016

FS - behandling:

Framlegg frå ordføraren:
Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke

FS vedtak:

Saka vart utsatt.

Formannskapet - 048/16 - 05.04.2016

FS - behandling:

Rådmannen orienterte i møte om endringar som er gjort i eigarskapsmeldinga og i tillegg fylgjande endringar som skal gjerast i dokumentet:

-Endring nr.18 der fylgjande tekst vert lagt inn i dokumentet:

Austrheim kommune vil arbeida for at etiske prinsipp og samfunnsansvarleg forretningsdrift vert forankra i formål og lagt til grunn for verksemda i selskap som kommunen eig eller er deleigar i.

Del 2:

-Dei selskap som Austrheim kommune ikkje eig heilt eller delvis lenger, strykast frå eigarskapsmeldinga.

2.6.3:

- Styre med 5 medlemar val av representantskapet.

Jorund Stellberg (H) hadde fylgjande framlegg til endring i del 3 pkt. 13:

Konklusjon:

Eigedomen skal leggjast ut for sal.

Framlegget fekk 2 røyster(HogV) mot 3 røyster og fall.

Deretter vart det røysta over fylgjande fellesframlegg:

Austrheim kommunestyre godkjenner eigarskapsmelding del 1,2 og 3 selskapsstyring, selskapsoversyn og oversikt eigedomar slik den ligg føre

med fylgjande endring i del 2 under pkt 2.6.3 Nordhordland Revisjon IKS:

Vidare engasjement i selskapet:

Kommunestyret vel revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

Fellesframlegget vart samrøystes tilrådd.

FS vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner eigarskapsmelding del 1,2 og 3 selskapsstyring, selskapsoversyn og oversikt eigedomar slik den ligg føre

med fylgjande endring i del 2 under pkt 2.6.3 Nordhordland Revisjon IKS:

Vidare engasjement i selskapet:

Kommunestyret vel revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Eigarskapsmelding del 1,2 og 3 vart lagt fram til handsaming i formannskapet sitt møte den 28.01.16.

Meldinga vert teke til vitande med vedlagte merknader frå Jorund Stellberg, sjå vedlegg.

Eigarskapsmelding del 1,2 og 3 er utarbeida som eit eiga dokument og er nå gjennomgått på nytt med utgangspunkt i Jorund Stellberg sine merknader, sjå vedlegg revidert eigarskapsmelding.

Vedlagt er i tillegg oversikt over kommunale eigedomar 2015, sjå eiga vedlegg til del 3.

Vidare er vedlagt kartutsnitt som viser alle eigedomane til kommunen, desse er lagt inn som kommunale eigedomar – Vedlegg 1, Kommunale eigedomar – Vedlegg 2 og kommunale eigedomar vedlegg 3.

Vurdering

Viser til utgreiinga Eigarskapsmelding del 1,2 og 3 og rår til at Austrheim kommunestyre sluttar seg til eigarmeldinga slik den ligg føre

Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

Austrheim kommunestyre godkjenner eigarskapsmelding del 1,2 og 3 selskapsstyring, selskapsoversyn og oversikt eigedomar slik den ligg føre.